



Dato: 24.11.2014
Arkiv: K1 - 243, K3 - &13, K2
- V13
Vår ref (saksnr.): 14/2158-2
Journalpostid.: 14/31262
Dykkar ref.:

Det kongelige landbruks- og matdept
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 14/1674 -	Doknr.:
Mottatt: 04 DES 2014	
Saksbeh.:	Ark.:
Kepp:	Avskr.:

Høyringsuttale - framlegg til ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel m.v.

Time kommune syner til departementet sitt framlegg til ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel m.v.

I høyringsnotatet er det opplyst at målet med evalueringa er ei forenkling for å oppnå mindre krevjande forvaltning og meir forutsigbarheit for søkjarar av tilskotsordninga.

Kommunen ynskjer her å kommentera nokre av endringane som er føreslegne i ny forskrift. Forslag til ny forskrifta inneber enkelte forenklingar og forbetringar, som for eksempel at aldersgrensa på 70 år, er teken bort. Me kommenterer ikkje alle mindre endringar, men legg nedanfor vekt på dei endringar kor kommunen fryktar at desse vil kunne føra til ei svekking av dagens ordning for sjukdomsavløyning.

Framlegg om at avløyningar kan vera lønstakarar hjå andre enn bonden eller avløyningarlag.

- Det vert vanskelegare å vita om tenestene som blir refundert faktisk er brukt til avløyning.
- Avløyningarlaget har i dag tilsett kvalifiserte sjukdomsavløyningar, som står i beredskap ved sjukdom hos bøndene. Framlegget vil kunne svekke ordninga, då det kan bli vanskelegare for avløyningarlaget å ha beredskap til å handtere sjukdom og kriser. Dersom beredskapen vert borte, vil det vera marknadssituasjonen som styrer kva tilbod som fins. Nokon må ha et ansvar for å ha avløyningar tilgjengelige ved sjukdom, noko som er ivareteke igjennom dagens ordning. Me fryktar at ordninga ikkje på same måten vil verta ivareteke igjennom vikarbyrå eller andre næringsdrivande.
- Me fryktar ei negativ utvikling med omsyn til garbrukarane, HMS og for dyrevelferda på sikt.

Framlegg om at avløysartilskot ikkje kan utbetalast direkte til avløysarlaga

- I dag er det mogleg for avløysarlaga å forskotere utgiftene ved sjukdomsavløysing med tryggleig i at tilskotet vert utbetalt seinare. Når bonden får utbetalinga direkte, blir det større press på likviditet. Ved sjukdom og ulykker kan det bli store utlegg for bøndene til sjukdomsavløysing, då utlegga kanskje ikkje vert refundert før mange månader seinare. I sjukdomssituasjonar er det viktig at dyrevelferd vert ivareteke, og ein må unngå at pressa økonomi kan føre til dyretragediar.

Med helsing

Kirsten Smedvig
jordbrukssjef

Jon Egil Jakobsen
fagkonsulent landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur